



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar første kvartal 2025

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme, inkludert inndregne midlar	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
Straumstøtte	28. februar	Les meir her .	
SMIL	1. mars	800 000	780 000
Tiltak i beiteområde	1. mars	140 000	155 000
Produksjonstilskot del 1	15. mars		
Utviklingsfondet	15. mars	For grunneigarar med rettar innanfor Naustdal-Gjengedal lvo	
Melde inn/trekke uteigedom/jaktfelt av vald	1. april	Jaktrettshavar melder til valdansvarleg	
Melde inn/trekke ut vald av bestandsplanområde	1. april	Valdansvarleg melder til bestandsplanområde	
Endring/godkjenning av vald	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
Godkjenning/endring av bestandsplan på hjort	1. mai	Valdansvarleg søker til kommunen	
UKL Stad	15. mai		750 000
Drenering	Løpande	200 000	170 000
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til taubane	Løpande		

Landbrukskontoret vil oppsummere bruken av tilskotsmidlane for 2024 på faglagsmøta no til våren.

Oppsummering PT, RMP og OBB 2024

Produksjonstilskot

Vi har behandla 450 søknadar for begge kommunane, derav 8 søknadar som har fått avslag fordi dei ikkje har vore kvalifisert etter forskrifta for tilskot.

Det var mykje feil i arealtala i søknadane fordi gardskartet vart oppdatert rett før søknadsomgangen starta. For å få søknadane gjennom systemet, har kommunen retta areala i tråd med gardskartet og landbruksregisteret. Vi har **ikkje** ilagt trekk for desse "feila". Vidare er det litt småtull med areal, der det er fleire som søker tilskot på same eigedomen. Det siste føretaket som søker, får opp feilmelding og vi oppmodar søkerane til å avklare seg i mellom kven som søker på kva areal.

Regionalt miljøprogram (RMP)

Vi har behandla 278 søknadar for begge kommunane, derav 1 søknad som har fått avslag fordi dei ikkje har vore kvalifisert etter forskrifta for tilskot.

For miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel må det søkjast både på nedfelling/nedlegging og slange for å få fullt tilskot. Vi ser diverre at det vert utegløymt å søkje begge tiltaka og då kan ikkje kommunen legge inn det som er gløymt. Det er også ein del som søker klimarådgeving utan å ha gjennomført det. Kravet til gjennomføring og dokumentasjon på dette er absolutt.

Tiltaket «Beiting av verdifulle jordbrukslandskap» gjeld vaksen sau over 600 meter. Det har vore ein del feilføringar her.

Felles for alle med feil i søknadane er at det ilagt eit trekk for feil i søknaden. Dette er heimla i [Forskrift for Regionale miljøtilskot i jordbruket for Vestland 2024](#).

Uansett er RMP ei god ordning som fleire kan nytte seg sjølv om det kan vere vanskeleg å navigere i kva tiltak det kan søkjast på. Landbrukskontoret kan rettleie her. Ta kontakt i god tid!)

Organisert beitebruk

Her har vi behandla 27 søknadar Det er i regelen lite feil i denne ordninga. Her legg beitelaga ned ein stor innsats for å samle inn data til søknaden og det er bra!

Sikring av framtidens tømmer – foryngingsplikta

Våre skogeigarar som avverkar tømmer er jamt over flinke til å plante til att etter hogst.

Men: Jobben er ikkje gjort berre med å sikre planting. Skogeigar har eit ansvar for å sikre «tilstrekkeleg forynging» jf. skogbrukslova § 6 og dette inneber at skogeigar må sjå til at det kjem opp tilstrekkeleg med ny skog i etterkant av planting eller naturleg forynging. Bestand med furu og gran, skal erstattast med furu og gran jf. forskrift om berekraftig skogbruk § 5.



Produksjon av framtidens virke.
Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

Snutebille og tørke kan til dømes vere faktorar som gjer at mange plantar utgår frå eit nyplanta felt påfølgjande sesong. Det er difor viktig at skogeigar følgjer opp plantefelta eller felt der det er lagt til rette for naturleg forynging med tilsyn dei påfølgjande sesongane. Om det ikkje er tilstrekkeleg med plantar, så er ikkje foryngingsplikta oppfylt.

Vi er litt for dårlege til å sikre foryngelsen gjennom oppfølging av plantefelta i etterkant på våre kantar. Dette kan få konsekvensar for

tilgangen på tømmer i framtida. Om foryngelsen ikkje er tilstrekkeleg, må du som skogeigar supplere med nye plantar. Dette er tiltak som du får tilskot til og som kan dekkast med skogfond og tilskotssatsen er høg. I [forskrift for berekraftig skogbruk kan du lese meir om kva som ligg i foryngingsplikt](#).

Om du lurar på kva plantetal som tilfredsstillar krava, så ser du tabellen nedanfor her:

	<i>Gran- og/eller lauvdominert skog</i>			<i>Furudominert skog</i>		
	<i>G26–G20</i>	<i>G17–G14</i>	<i>G11–G6</i>	<i>F20–F17</i>	<i>F14–F11</i>	<i>F8–F6</i>
Tilrådd plantetal pr. dekar	300–180	230–130	140–60	340–190	240–120	130–80
Minste lovlege plantetal pr. dekar	150	100	50	150	100	50

Vi oppmodar på det sterkaste kvar skogeigar som har hogd til å sjå over eigne felt for å sikre at vi medverkar til at også framtidige generasjonar har skogar å hauste av!

I tillegg til tilskot, er skogfondet ei viktig finansieringskjelde til skogtiltak. Dette er pengar du set av etter hogst og som dekkjer utgiftene dine med foryngingstiltak føresett at du set av nok. Det er skattelettingar på bruk av skogfond, noko som er eit indirekte tilskot til skogeigar. Då vil arbeid med planting, suppleringsplanting og ungskogpleie ikkje koste deg som skogeigar noko, då den tidlegare hogde tømmerstokken betalar heile gildet.

Kurs i bruk av skogbruksplan

Skogeigarar i Stad har fått tilsendt sine skogbruksplanar for ei god stund sidan. No legg Statsforvaltaren i Vestland og Skogselskapet i Sogn og Fjordane opp til kurs slik at du kan lære deg å bruke planen og få idear til korleis du kan bruke planen mest mogleg riktig. Kurset vert antakeleg gjennomført i april. Dato og stad vert annonsert på heimesidene til kommunen og på facebookside til landbrukskontoret. Følg med!

Sommarjobb i skogbruket for ungdom – JOB:U

I fjor var Gloppen kommune med i Skogselskapet i Sogn og Fjordane sitt prosjekt JOB:U, Sommarjobb for ungdom i skogbruket. Dette er eit rekrutteringsprosjekt for å vise kva

moglegheiter som ligg i skogbruket for ungdom og som også bidreg til å få gjennomført ungskogpleie for skogeigarar som vi veit mange har behov for. Vi vidarefører prosjektet i Gloppen for 2025 og set også i gang prosjekt i Stad kommune denne sommaren!

Har du felt du ynskjer å få ungskogpleie på, så ta kontakt med oss, så skal vi vidareformidle.

Vasstiltak i landbruket

Sjølv om vi har nemnt dette før, er kantvegetasjonen langs vassdrag av stor verdi og har mange viktige funksjonar for både natur og folk. Det er difor ikkje lov å fjerne kantvegetasjon utan løyve frå Statsforvaltaren.



Kantvegetasjon i Njåstadelva. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.

[Meir om vatn og avrenning](#)

Støtte til tradisjonelt landbruk, frukt, bær og småskala grønt og tilleggsnæringar i Vestland 2025

- Les om tradisjonelt landbruk på heimesida til Innovasjon Norge [Tradisjonelt landbruk | Innovasjon Norge](#)
- Tilleggsnæringar finn du meir informasjon om her [Andre landbruks- og reindriftsbaserte næringar | Innovasjon Norge](#)
- Tilskot til effektivisering av ressursbruk eller reduksjon av klimagassutslepp innan jordbruket eller skogbruket kan du lese meir om her [Bionova - fornybar energi, bioøkonomi og teknologi | Innovasjon Norge](#)

Har du planar om å bygge lausdriftsfjøs har Innovasjon Norge eit nettkurs for deg. Det passer både for nye og erfarne bønder som ønskjer å optimalisere drifta [Slik lykkes du med nytt løsdriftsfjøs - Innovasjon Norges kompetansesenter](#).

Husdyrgjødsel og avstand til vatn

Det kan vere lurt å tenke gjennom dette før gjødselsesongen startar. I Regionalt miljøprogram er det i prioriterte område krav om kantsone mot vassdrag for å vere kvalifisert til tilskot. Formålet med tilskotet er å stimulere til at areal som grensar mot vassdrag ikkje blir gjødsla eller sprøyta.

Kantsone Regionalt miljøprogram (RMP)

Det er også i produksjonstilskotet eit miljøkrav om vegetasjonssonar. Denne sona skal vere minst to meter. Formålet er å ivareta miljøverdiane i kulturlandskapet og redusere moglege avrenning frå jordbruksareal.

[Landbruksdirektoratet om miljøkrav i søknad om produksjonstilskot](#)

Hjort

Årets viltseminar vart halde på Skei 7-8. februar. Det vart sagt at presentasjonane skulle gjerast tilgjengeleg på Norsk hjortesenter sine heimesider. Dei er ikkje tilgjengelege i skrivande stund, men det er verdt å ta ein titt på dei når dei kjem ut.

Jakt - 2024

Det har aldri blitt felt så mange hjort i våre kommunar som i 2024. Gloppen fekk eit fellingsresultat på 812 dyr, mens Stad kommune felte 1115. Begge kommunane held fram med å felle mykje kalv og ligg på 31-32 % kalv i avskytinga. Utviklinga har vore gradvis med sidan rundt 2016. Prosent eldre dyr ligg rundt 36-37 %. Kjønnfordelinga er tilnærma lik, men Gloppen har ein liten overvekt av hanndyr i uttaket, mens Stad har ein liten overvekt av hodyr i uttaket.

Totalt sett har jakta vore bra og det er framleis mykje hjort igjen. Sjølv om tala kan vere påverka



Hjort i vinterlandskap. Foto: Lindis B. Østgård, Gloppen kommune.

av meir bruk av termisk, so er det mykje hjort dei alle fleste stader i kommunane våre. For å unngå ukontrollert auke er det viktig å fortsette å halde trykket høgt og det bør generelt ikkje sparast på koller. Det kjem til å bli halde hjorteutvalsmøter i begge kommunane, men dette vert ikkje før tidlegast i mars. På møte vil statistikken frå jakta bli lagt fram og eit referat vil bli sendt til alle valdleiarane i kommunane, samt at kopi kjem til å bli lagt på heimesida til begge kommunane.

Høyringssak om hjort

I Gloppen kommune har forskrift om jakt etter hjort og minstearealet vore ute på høyring. Det var lagt fram forslag om å endre minstearealet for delar av Gloppen kommune frå 500 til 350 dekar. Det har kome inn nokre innspel som vil bli vurdert før saka blir lagt fram for Samfunnsutvalet og kommunestyret i mars.

Beiteprosjekt

Prosjektet som skal prøve å finne ein enkel metode for å registrere beitepress frå hjort kjem til å fortsette, men i ein mykje mindre skala. Det blir antakeleg sett opp nokre få bur i kvar kommune og hovudtestinga til prosjektet kjem til å bli gjennomført på Svanøy.

Komande fristar i hjorteforvaltninga

1. april

- Jaktrettshavarar som ønskjer å trekke ein eigedom/jaktfelt ut av eit godkjent eller omsøkt vald må gje beskjed til valdleiar.
- Vald som ønskjer å trekke seg ut av eit godkjent bestandsplanområde må gje beskjed til bestandsplanområdets representant.

1. mai

- Søkje kommunen om godkjenning av vald.
- Melde endringar i valdet til kommunen.
- Søkje kommunen om godkjenning/endring av bestandsplan.

Vald med godkjent bestandsplan kan søkje om endringar i bestandsplanen kvart år gjennom planperioden.

Vald som får årleg tildeling av fellingsløyve treng ikkje å søkje til kommunen.

Merkeprosjektet «Vesthjort»

Det er siste år av merkeprosjektet og hjorten som vart merka i 2023 mister no halsbanda i februar/mars. NIBIO skal starte analyser av innsamla data og etter kvart nøste opp kva det betyr for våre områder i ein sluttrapport. Vi har ikkje fått informasjon om planlagt tidslinje på dette.

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Det er no ope for å søkje om tilskot frå utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal lvo. Utviklingsfondet kan nyttast til næringsutvikling, fellestiltak og tiltak for folk flest i nærområdet til, eller innafør verneområdet.

Grunneigarar og grunneigarsamanslutningar med rettar innanfor landskapsvernområdet kan søkje om tilskot. Det same kan lag, organisasjonar og andre som ønskjer å utvikle verdiane i området (krav om samarbeidsavtale med rettshavarar knytt til verneområdet).



Frå landskapsvernområdet mot Nordstranda i Gloppen.
Foto: Naustdal-Gjengedal lvo.

Søknadsfrist 15. mars. Søknad sendast digitalt via Gloppen kommune sin [heimeside](#) - trykk på "Utviklingsfond Naustdal-Gjengedal" for å få opp lenke til søknadsskjema og vedtekter.

Nye reglar for lagring og bruk av gjødsel

Det er vedtatt ny forskrift som gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Forskrifta har bl.a. nye reglar for spreiemengd og spreietidspunkt.

Det er viktig at du som bonde set deg inn i dei nye reglane. Ei god oversikt finn du på landbruksdirektoratet sine nettsider.

Link til sidene: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/nyhetsrom/nyhetsarkiv/nye-regler-for-lagring-og-bruk-av-gjodsel-trer-i-kraft>

Rettleiing til gjødselbrukforskrifta finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/husdyrgjodsel-og-gjodsling/rettleiing-til-gjodselbrukforskrifta>

Om du ikkje har fått dette dokumentet slik at linkane er klikkbare, så går du inn på landbruksdirektoratet sine sider og blar deg fram etter dei tema som står i linken mellom kvar /.

Helsing Trine, Lindis, Bernt, Karoline og Odd-Harald!